



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Plan- og miljøutvalet	

Sakshandsamar:	Planavdelinga	Hans Kristian Dolmen
	Arkivnr.: 18/2476	Klassering:

Nasjonal ramme for vindkraft på land - Lokale og regionale innspel

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune syner til invitasjon om innspel til nasjonal ramme for vindkraft.

Med grunn i det forventa endringane i klima og den påverknaden dette vil ha vår framtidige samfunnsutvikling vil Lindås kommune trekkje fram følgjande:

- I eit **berekraftig perspektiv** bør framtidig energiproduksjon endrast til å verte meir miljøvenleg og berekraftig. Vindkraft på land kan vere ein del av meir miljøvenleg energiproduksjon
- I **ressurskrevjande perspektiv** veit me at alle typar anlegg for energiproduksjon i ei eller anna form er ressurskrevjande. Det båndlegg ma. store areal, fører med seg inngrep i omgjevnadane våre og kan ha konsekvensar i høve til mangfald. Anlegg og infrastruktur for vindkraft krev store arealinngrep og vert markant i landskapsbilete
- Tidspunkt for det «**Grøne skifte**» fører med seg diskusjonen om balansegangen mellom «det gamle og eit nytt» energiregime som har gått føre i fleire år. Det er eit tema som har modnast og tida for å gjere endå meir aktive skritt er moglegvis komen
- Det er stort sannsyn for at mange i det vidare og i enda større grad vert utfordra knytt til spørsmålet om **vern og bruk av naturmangfoldet** kring oss
- Som for mange av dei andre kartlagte analyseområda er det store interesser knytt til særleg **rekreasjon og friluftsliv** i analyseområde 18, men og **bustad og næring**
- Lindås kommune sin gjennomgang av faglege og samfunnsmessige tema syner at me har både ansvar, interesser og muligheter på ulike vis
- Me er interessert i å få ta del i arbeidet med premissane/vilkåra for det vidare arbeidet og korleis desse vert vekta

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Plan- og miljøutvalet.

Bakgrunn

Tema

Nasjonal ramme for vindkraft på land er under arbeid. Føremålet i denne førebuande fase er å identifisere egna lokaliteter og tihøvet til viktige regionale interesser. Kartlegginga går føre seg over heile landet. Arbeidet så langt syner 43 analyseområde og 4 av desse er i Hordaland.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har fått i oppdrag frå Olje- og energidepartementet (OED) å utarbeide framlegg til nasjonal ramme for vindkraft på land. Vilkår for aktuelle område skal ta utgangspunkt i vindressurser og nettkapasitet. Det skal vidare vere ei vurdering/analyse knytt til andre viktige miljø- og samfunnsomsyn.

Lokal og regional medverknad

NVE har med grunnlag i eksisterande kunnskap allerie tatt ei lang rekkje val og har identifisert 43 analyseområder. Ein har slik sett komen langt i prosessen og eventuelle innspel må sjåast på som supplement og kommentarar til ein nesten ferdig forarbeide. Kommunane og fylke har vore invitert til ein informasjonsdag på Gardermoen 5.6.2018 om bakgrunn, metode og status.

Lokale og regionale myndighet vert no bedne om å kome med ytterligare **faglig infomasjon av overordna karakter** som kan vere relevant i høve til vidare arbeid med analyseområda. Det vert peika på at ein i denne fasen søker informasjon, og at OED seinare vil gjennomføre høyring av framlegg til nasjonal ramme for vindkraft på land. Reine politiske innspel har sin plass der.

Ytterligare informasjon:

Frist for innspel er satt til 20 september 2018 og sendast til

www.nve.no

nve@nve.no

Vurdering

Vindkraft vil mange meine er ein uutnytta ressurs som kan produsere «grøn energi» som er viktig for samfunnsutviklinga og for å nå klima- og miljømål. Samstundes er det er velkjent at lokalisering av vindkraftanlegg skapar mykje debatt og ofte til steile frontar. Det er ein form for energiproduksjon som me treng, men få vil ha anlegget eller det er vanskeleg og aksepere plasseringa. Skal me ha denne produksjonsformen for energi er denne type arbeid og naudsynt å gjennomføre.


Invitasjonsbrevet gjev inntrykk av at det kan vere rom for stor grad av medverknad og påverknad, men går me inn på heimesida til NVE finn ein eit stort og omfattande prosjekt som har kome langt og der tilsynelatande mange val er gjort og premissar er lagt.

Arbeid med innehenting og **oppdatering av kunnskapsgrunnlag** er omfattande og tek opp ma. fagområde som pattedyr, villrein, fugl, naturtyper, samanhengande naturområder, landskap, friluftsliv, kulturminner, reiseliv, nabooverknadar, sivil luftfart og næringsutvikling. Til saka er det lagt ved eit døme på fagutgreiing som omhandlar friluftsliv. Sjå elles <https://www.nve.no/nasjonal-ramme-for-vindkraft-pa-land/kunnskapsgrunnlag/> .

Det er vidare utført eit arbeid med kartfesting ma.ut frå kriteria «åpenbart uegna» og «sansynlegvis ikkje godt egna» (harde og mjuke eksklusjonar) som skildrar område eller areal som ikkje vert vurdert

vidare. Basert på desse og fleire kriteria har ein for landet landa på 43 analyseområde. For Hordaland er det 4 område (område 15-18). Sjå <https://www.nve.no/nasjonal-ramme-for-vindkraft-panland/kart/>

Analyseareal i Hordaland




Område 15
Sauda og Etnefjella mm.

Område 16
Stord og Haugalandet mm.

Område 17
Osterøy, Dale, Hamlagrø, Kvamskogen, Utne, Jondal mm

Område 18
Lindås(Alver), Modalen, Voss, Masfjorden, Gulen, Stølsheimen mm.

Analyseområde 18



Analyseområde 18 fevner om delar av Nordhordland, Gulen, Masfjorden, Høyanger, Vik og Voss.

Strekk seg frå nær sagt yttarste holme til høgste berg.

Utstrekninga gjer at område rører ved ulike plantema og samfunns-spørsmål.

Aktuelle og moglege utfordringar/overordna faglig info - Nordhordland

Denne type arbeid rører ved mange tilhøve som kan knytast både til internasjonale, nasjonale, regionale og lokale strategiar, mål og ønskje. Utstrekninga av området er stort og rører ved ulike samfunnstilhøve.

Berekrafting utvikling - Samfunnsplanlegging

Eit aktuelt og naudsynt utgangspunkt for å syne samanheng i denne saka er berekraft. Etter det me veit i dag har vi eit klima i endring som påverkar miljø og omgjevnadane våre. Det vil igjen påverke samfunnsutvikling framover. Samstundes har berekraft i vidare samfunnsmessig tyding.

FN Berekraftsmål

Noreg har som mange andre land slutta seg til dei 17 berekraftmåla vedteke av FN. I Noreg er fleire aktuell, men knytt til denne saka vil me trekkje fram «Rein energi» (7), «Innovasjon og infrastruktur» (9), «Berekraftige byar og samfunn (11), «Stoppe klimaendringane» (13) og «Liv på land» (15) der Noreg skal bidra på lokalt og globalt.

FN Berekraftsmål og logo



Skildra målsettingar for 3 av berekraftmåla:

Rein energi (Mål 7)

«Sikre tilgang til pålitelig, bærekraftig og moderne energi til en overkommelig pris for alle.»

Tilgang til energi står i sentrum av så nær som alle utfordringer og muligheter vi møter i dag. Det kan dreie seg om jobber, sikkerhet, klimaendringer, matproduksjon eller muligheter for økt inntekt. Energi er den største bidragsyteren til klimaendringer, gjennom utslipp av CO2 og andre klimagasser. Løsningen er fornybar energi som vannkraft, vindkraft og solkraft. Fornybar energi er bærekraftig

Stoppe klimaendringane (Mål 13)

«Handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringane og konsekvensene av dem»

Klimaendringer er et globalt spørsmål og kjenner ingen landegrenser. Derfor må vi også finne globale løsninger. I tillegg til å kutte i utslipp og fange og lagre CO2, må det satses langt mer på fornybar energi og annen ren energi

Liv på land (Mål 15)


«Beskytte, gjenopprette og fremme bærekraftig bruk av økosystemer, sikre bærekraftig skogforvaltning, bekjempe ørkenspredning, stanse og reversere landforringelse samt stanse tap av arts mangfold»

«Nordhordland Biosfæreområde»

Nordhordland utviklingselskap har ledet arbeidet som etter planen vil føre til at Noreg vil få sitt fyrste biosfæreområde. Dei deltakande kommunane har gjort si tilslutning til både arbeidet og fremming av søknaden.

Biosfæreområda er ein del av UNESCO sin arbeidsområde og i dette høve er berekraftig samfunnsutvikling med vekt på sosial, økonomisk og økologisk berekraft sentral. Det er mange av dei 17 berekraftmåla som kan gje innhald til desse 3 stikkorda. Samstundes er det viktig å få fram at det ikkje er snakk om vern, men medvitne val for samfunnsutvikling.

Oversiktskart Nordhordland biosfæreområde



Raud strek syner føreslegne biosfæreområde med dei til-høyrande kommunane (grøn strek)


Heile analyse-område 18 er innan for «Nordhordland biosfæreområde»

Kjelde: www.nordhordlandbiosphere.no/kart-over-nordhordland-biosfaereprosjekt

Skildring og føremål (kjelde: www.nordhordlandbiosphere.no)

«Nordhordland står solid som ein representant for den ressurssterke ytre Vestlandskysten og i internasjonal samanheng som eit demonstrasjonsområde for det moderne Norge. Naturen er kontrastrik med kysten beskytta av ein breid skjergard, store og små fjordar og vidare gjennom dal- og skoglandskapet opp til høge fjell.

Nordhordland er valt ut som pilotprosjekt fordi regionen på ein framifrå måte kan stå som modellområde både for det historiske og det moderne kystlandskapet i Norge. Utvikling i samfunn og teknologi har ført til at regionen i vår tid forvaltar store verdjar i form av vasskraft, petroleum og fisk. Det varierte landskapet er ein ressurs i seg sjølv.



Eit tversnitt gjennom det tenkte biosfæreområdet som viser korleis ressursane vert nytta frå hav til fjell. Illustrasjon: Kjersti Isdal.

Nordhordland Biosfæreområde skal ha fokus på berekraftig natur-, samfunns- og næringsutvikling, og vil med det falle godt inn i den retning det internasjonale biosfæreprogrammet går. Internasjonalt er det no meir vekt på at både det biologiske og det kulturelle mangfaldet skal ivaretakast og at områda skal stå for ei økonomisk utvikling som både er moderne, sosiokulturelt og økologisk berekraftig.

Vestlandskysten er ein skatt for landet, men det gjev eit stort ansvar i å forvalte ressursane slik at kommande generasjonar får glede av dei. I biosfæreområdet er det difor ei viktig målsetting å fokusere på korleis kyst-Norge skal takle både miljøutfordringar og samfunnsutvikling på ein berekraftig måte.»

Krav som UNESCO stiller til eit biosfæreområde:

- Drifta av eit biosfæreområde krev aktiv medverknad av lokalbefolkninga
- Initiativet skal komme frå området sjølv, det skal ikkje kunne utnemnast frå statleg hald
- Fokuset skal vere på berekraftig bruk av natur- og kulturressursar av omsyn til kommande generasjonar
- Dette skal vere eit modellområde der heile lokalsamfunnet samarbeidar med styresmakter, næringsliv og forskingsinstitusjoner for å fremme berekraftig utvikling og
 - tilpasse dei sosiale, kulturelle og økonomiske forholda
 - redusere tap av ikkje fornybare ressursar og biologisk mangfald
- Områda skal vere representative for ein region; det må finnast eit levande lokalsamfunn, variert kultur- og næringsliv og ulike natur- og kulturlandskap

Regional plan for vindkraft

- Sogn- og fjordane

Regional plan for vindkraft (vedlagt) vart vedteken i 2011 og er ikkje endra eller revidert så langt. Planen er omfattande og grundig og har i rekkje fagrapportar. Arealmessig dekker planen store delar av det som er vist som analyseområde 18 med tilhøyrande fagleg materiale

- Hordaland

Klima-og energiplan 2014-30 (vedlagt) vart vedteken i 2014 og «*arbeid med potensiell vindkraft vert trekt sterkare inn i*» i klimaplanarbeidet. **Visjonen** er eit Hordaland «*på veg mot lågutsleppsamfunnet*» og hovudmål er at klimagassutslepp skal reduserast og energibruken effektiviserast. Energibehovet «**skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.**»

Fylkesdelplan for vindkraft (2000-2012)

I notat frå regionalavdelinga 24.2.2015 er fylkesdelplanen karakterisert som utdatert og vurderast erstatta av ein ny.

Nordhordland (Lindås, Meland og Radøy kommuner -Alver)

- **Kommuneplan samfunn 2017-2029**

Kommuneplanen tek ikkje opp særskilte strategiar eller målsettingar knytt til energiproduksjon. Hovudtema for «Industri og næring», «Attraktive nærmiljø» og «Klima og energi» nærmar seg temaet energi på ulike vis, men der er ikkje regionale aspekt verken i den eine eller andre retninga.

Til dømes skal eller kan Nordhordland vere ein aktiv og tydeleg forvaltar av energi i eit meir berekraftig perspektiv? Skal ein på lengre sikt arbeide både med olje og gass og vindkraft både til havs og på land? Korleis legg med til rette for det, kva kan vere vår store fordel og kva må me ofra?

– **Kommunedelplan Klima 2010-2020**

Kommunedelplanen spør ikkje etter energiproduksjon, men har sitt fokus i mål og tiltak for reduksjon av klimagassar og energiforbruk. Både samfunnsdelen og klimaplanen tek opp det å endra energibruken i ulike fasar av samfunnsutvilninga, men ikkje sjølve energiproduksjonen og dei ulike sidane ved denne. No kan en likevel seie at ei samfunnsmessig oppvakning knytta til energiforbruk kan verte med å påverke formen for energiproduksjon.

Stølsheimen Landskapsvernområde

- Norske forpliktelser - Nasjonal, regional og lokal betydning
Landskapsvernområdet kan vere døme på utfordringsbilete. Siden arealet i seg sjølv er beskytta av vedtak etter naturmangfaldlova kjem det ikkje anlegg inne i området. Utfordringa vert høge master potensielt like utan for eller rundt heile. Spørsmålet om korleis me opplever natur verdt utfordra. No er Stølsheimen visuelt sett alleierie råka både av kraftliner da sumarens mykje nedtappa vassmagasin er skjemmaende når ein går i området. Slik sett kan moglegvis landskapsverdien i området med eksisterande anlegg for vasskraft vere lettare å diskutere?

Plantema

Nokre aktuelle plantema som vert rørt ved og kan verte påverka av infrastruktur og anlegg for vindkraft:

- Landskapspåverknad
- Turisme
- Friluftsliv
- Primærnæring
- Biologisk mangfald
- «Grønt skifte»

Viss me og her tek utgangspunkt i friluftsliv veit ein at det er store område innan for analyseområde 18 som vert nytta til rekreasjon, opplevelse og friluftsliv. Dette gjeld både som nærmiljø, i regional målestokk og til dømes Stølsheimen som ein må kunne seie å vere i nasjonal interesse. Aktiviteten skjer både til land, vann og i lufta med. Me veit og at nokre av dei mest fremheva verdiane med å vere ute i Noreg er mellom anna opplevinga av urørt natur, vidt utsyn og stillhet. Alle desse tre vert utfordra når det gjeld anlegg for vindkraft.

Vedlagte saksdokument:

Nasjonal ramme for vindkraft på land - Lokale og regionale innspill	241677	17.08.2018
Faggrunnlag Friluftsliv 2018 NVE Vindkraft	241675	17.08.2018
Sogn og Fjordane - Regional plan Vindkraft 2011	241676	17.08.2018
HFK Regional Klimaplan 2014-30	241681	17.08.2018

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost